

EIDFJORD NYTT

Fritidssenteret

IKT på Lægreid skule

Klassetur til Polen

Halne Fjellstugu



Nytt nummer av Eid fjordnytt likevel

Førre nummer av Eid fjordnytt såg ut til å verta det siste, men som de ser, tok eg feil. Etter mange oppmadingar, ikkje minst frå dei eldre, valde kommunestyret å halda fram med bladet. Fleire verksemder støttar no Eid fjordnytt med annonsar. På den måten vert det enklare for kommunen å satsa vidare, sjølv i økonomiske trongare tider.

At kommunen har mindre å rutta med, er ein realitet, og ikkje berre noko me frykta. Låge prisar på elektrisk kraft over lang tid, fører til ein kraftig reduksjon i egedomsskatt på verk og bruk, og me får også redusert gevinst ved sal av konsesjonskraft.

Eid fjord kommune var ein av kommunane som var med å starta organisasjonen Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) for 40 år sidan. LVK er ein partipolitisk nøytral organisasjon som ikkje tek stilling til om eit vassdrag skal byggjast ut eller ikkje. LVK tek først og fremst vare på dei økonomiske og miljømessige interessene til dei kommunane som er vertskap for kraftanlegg. LVK er i dag leia av Torfinn Opheim frå Sauda, som i lag med landsstyret og eit fagleg sterkt sekretariat tek seg av den daglege drifta. I løpet av LVK si 40 år lange historie har mange saker vorte løyste, slik at vertskommunane får sin rettmessige del av verdiskapinga som skjer i distriktet.

Juni er alltid ein travle periode på Stortinget, og spesielt travelt er det siste året av ein stortingsperiode. Mange

store reformer skal handsamast og gje rast endleg vedtak om no før ferien. Kommunereforma, regionreforma og politiereforma for å nemna nokre, - som både på kort og lang sikt vil få konsekvensar også for oss i Eid fjord.

Den saka det likevel er knytt mest spenning til lokalt, er korleis den nye Nasjonale Transportplanen vil sjå ut. Sjølv om regjeringa har lagt fram ein ambisiøs plan ser me at det vil ta lang tid før me har eit tenleg veg- og jernbanetilbod i vår region. Etter mykje politisk tautrekking ser det ut til at me endar opp med at Rv 7 over Hardangervidda får status som hovudveg for reiseliv og persontrafikk. Dette er ein status me kan leva med, dersom det vert fylgt opp med midlar for å gjera vegen open og trygg nok til å ferdest på heile året. Ein vintersikker veg vil ein ikkje oppnå før tunnelar er på plass, enten det vert ein lang eller fleire korte med oppbygd veg imellom. Rassikring er eit anna tema i planen som og er viktig for oss. Rammene på nasjonalt plan må vera så store at både riks- og fylkesvegar vert so trygge som mogeleg. Lokalt i Eid fjord må sikring av Bergafadlet på Rv7 ha fyrsteprioritet.

Satsinga på Nasjonale turistvegar er og ein del av Nasjonal Transportplan. Ramma for dette er noko redusert i høve til tidlegare planar. Då er det godt å konstatera at det store prosjektet rundt Vøringsfossen er godt i gang, og vil verta fullført. Satsinga ved Vøringsfossen har stor verdi for alle som driv næring i Eid fjord. Me ser alt resultat i form av

rekordmange cruiseanløp til Eid fjord i sommar, der veksten held fram også neste år. Turistbåtruta frå Norheimsund som går innom fleire stader i Hardanger før den kjem til Eid fjord har og fått auka kapasitet i år. Den ser ut til å verta meir og meir populær. Nytt av året er også båtruta med tre daglege avgangar mellom Eid fjord og Ulvik.

I dag vert opplevingane som dei reisande opplever spreidde over heile verda via internett på ein augneblink. Eg vonar det er positive opplevingar som vert formidla. Ei rein og velstelt bygd er god å bu i, og sel seg godt. Eg vil retta ein stor takk til tre unge jenter, Ingerborg Vik, Helene Aurdal Riber og June Maranini, som tok initiativ og fekk med seg mange andre born og vaksne til ein stor ryddeaksjon i vår. Ei aksjonshelg er bra, men eg vonar alle vil ha fokus på dette vidare, enten du er privatperson eller næringsdrivande.

Eg vil og retta ein stor takk til alle de som passar på at trea mot sentrum frå vest får eit ny påkledning kvar vår. Kreativiteten vert betre og betre kvart år, og er med på å senda gode sommarminne ut til heile verda!

Eg ynskjer dykk alle ein riktig god sommar!

Anved Johan Tveit
-ordførar-

INNHOLD

- | | |
|-----------|--------------------------------------------------|
| 4 | Fritidssenteret |
| 7 | Stortingsvalet 2017 |
| 10 | IKT på Lægreid skule |
| 12 | Nytt frå Destinasjon Eid fjord |
| 13 | Næringsprisen |
| 15 | Sommarles |
| 16 | Ungdomsarbeid på tvers av kommunegrensene |
| 19 | Nytt frå Bygdaheimen |
| 22 | Eid fjord Fjellstyre |
| 24 | Klassesetur til Polen |
| 26 | 17.mai-frukost i Øvre Eid fjord |
| 27 | Smartare energi |
| 28 | 17.mai i Eid fjord |
| 32 | Eigarskifte ved Halne Fjellstova |
| 34 | Anløpslista, Eid fjord cruisehamn 2017 |



Eid fjord Nytt
vert utgjeven av
Eid fjord kommune,
5783 Eid fjord

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
Epost:
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:
Glenn Wiik
Brynjulf Mugaas
Geir Underhaug
Lisbet B. Celik
Margunn Lægreid

Grafisk Produksjon:
VOSS PRENTEVERK AS



Stor aktivitet på Fritidssenteret på Sæbø skule

Fritidssenteret på Sæbø skule har stor oppslutning og inneholder aktiviteter for ulike interesser. I 2011 tok folkehelsekoordinator Thor Waldrop initiativ til å skape den gode møteplassen på fritidssenteret. Dette har vist seg og vært svært populært blant pensjonistar og andre som har høve til å møtast.

Dei over 70 tar runden og plukkar opp dei over 90, og så samlast dei til den gode samtalen og kaffi og vaflar i allrommet på Sæbø skule. Det står stor respekt over det initiativet som vert tatt for å gjera kveldagen betre for andre. Der menneske kan møtast til den gode samtalen og kaffi og vaflar. Dette er ein aktivitet som har stor folkehelseeffekt. All ros til dei som held møteplassen i hevd. Samstundes er det plass til fleire i alle aldrar, og spesielt vert menn oppfordra til å koma.

GAMALT STRIKK FÅR NYTT LIV – GJENBRUK ER VELBRUKT

Sidan 2008 har det vore strikka på trea langs rv.7 i Eidjord sentrum. Flotte damer, og no også menn, har vore med å bidrage til å dekorera trea, og med å ha dekoren blitt meir og meir kreativ.

For nokre år sidan vart det snakk om korleis me kan bruka strikket på nytt, og me byrja å ta vare på strikk som vart tatt ned av trea om hausten. Initiativet til å reproduksjonen det gamle strikket kom frå nokre kreative damer, og jobben med å reingjera og tova strikket vart sett i gang. Deretter vart arbeidet med å skapa nye gjenstandar av gammalt strikk satt på dagsorden. Ein byrja med ideen om å laga sitjeunderlag, men kreativiteten og



fantasien tok nye høgder og fantastiske produkter har tatt form av gamle strikk. Det har etter kvart blitt mange flotte handverk som vert seld i sjøbua den 10. og 11. juni. Gjenbruk er eit tema som

vert sett på agendaen og det som desse damene har fått til å skape av gammalt strikk er beundringsverdig både i forhold til kreativitet og mangfold. Inntekt frå salet vil gå til veldedig formål.

Tekst/foto: Lisbeth B. Celik

- **MÅLARKLUBBEN** med sin verksamhet skapar små og store kunstverk. Dei treffast måndagar og tysdagar for sosialt samvær, og ei stille stund framfor lerretet.
- **EIDFJORD RC** er bilbane løp for vaksne og treffast ein gang i veka, dei heldt til i gamle klasserom, og i tillegg har dei laga utebane. Dei er mellom 15-20 brukarar av banen, og er generasjonsblanda.
- **SENIORDANSSEN** har sin aktivitet i gymsalen i Sæbø skule og på samfunnshuset i Eidjord. Dei veksler mellom å vera i nedre og øvre Eidjord. Aktiviteten held folk i form der ein lyt brukar både kropp og hjerne. Det skal god koordinering til for å hengja med i dansen.

6. klasse har uteskule 3 timer kvar torsdag. Kvar torsdag i nokre månader har 6. klasse på Lægreid skule laga ein gapahuk på Tråhjadlane. Det starta med at me delte oss inn i tre grupper for å laga miniatyrmodell

som var forslag til korleis leiren kunne sjå ut. Læraren valde nokre idear til leiren inkludert gapahuk, bålsplass og nedbørsmålar. Ei veka seinare gjekk me til Tråhjadlane for å starta på arbeidet med gapahuken. I nokre veker bar me på

stokkar, sagde, knytte og arbeidde. Etter nokre veker stod gapahuken ferdig med bålsplass og nedbørsmålar. Seinare har me aka, spikka, steikt turkaker og laga reiskaper

Tekst og foto:Nina Eiken

Uteskule

GAPAHUK I SKOGEN



FRIVILLIGSENTRALEN I EIDFJORD 2017

Eidjord frivilligsentral vart vedteke opprettet i slutten av 2015 og kom i drift på Evjo aktivitetssenter og Bygdaheimen i 2016. På denne tida har det til dømes vore organisert utdeling av strøsand til dei som ynskte det, det har vore formidla kontakt til dei frivillige for ulike oppdrag fleire gongar, nokre pågår enno.

Evjo aktivitetssenter var open ein dag i veka og det var tilsette frå

aktivitetsavdelinga på Bygdaheimen som var tilstades der. Det viste seg etter kvart at møteplassen vart svært lite brukt. På årsmøtet for utvalet for frivilligsentralen i 2017 vart det difor bestemt at møteplassen ikkje lenger skulle drivast på senteret. Formidling av hjelpebehov og organiseringa rundt frivilligsentralen er framleis på Bygdaheimen. Dersom du ynskjer kontakt med dei frivillige ringe du 53673570 og spør etter Solveig

Djønne, ho formidlar den første kontakten. Seinare er det oftast slik at det er direktekontakt mellom den som treng hjelpe og dei som har meldt seg som frivillige. Det vert elles arbeidd med å få ut meir informasjon om sentralen, slik at dei som treng det vert merksame på at dette er eit tilbod i kommunen vår.

Margunn Lægreid
Einingsleiar i Pleie og omsorgstenesta.



Stortingsvalet 2017

Mandag 11. september er det Stortingsval

Valkrins	Røystested	Opningstid
Eidfjord	Kommunehuset	09.00-20.00

Førehandsrøysting

Dersom du ikkje har høve til å røysta på valdagen, kan du røysta på førehand. Veljarar som ynskjer å førehandsrøysta, kan gjera dette f.o.m. torsdag 10. august til og med fredag 8. september. Det er veljarane sjølv som er ansvarlege for å gje førehandsrøysta si på eit tidspunkt som gjer at den kjem fram til valstyre innan valdagen 11 september.

Du kan førehandsrøysta her i Eidfjord, sjølv om du høyrer til i ein annan kommune.

Valstyret har bestemt følgjande stader for førehandsrøysting:

Kommunehuset

Frå og med torsdag 10. august – til og med fredag 8. september.

Opningstida er: 08.00-15.00 på vanlege arbeidsdagar.

Utvila tider:

Laurdag 2. september kl. 10.00-14.00

Torsdag 7. september kl. 08.00-18.00

Bygdaheimen med omsorgsbusdar: Torsdag 7. september kl. 10.00-14.00

Frist for søknad om ambulerande røystegjeving vert sett til onsdag 6. september 2017.

Viktige datoar:

Manntalet vert lagt ut til offentleg ettersyn frå midten av juli månad, eller så snart det er klart.

Valdagen er 11 september 2017

Vallokalet på kommunehuset i Eidfjord er denne dagen ope frå kl. 09.00-20.00

Torsdag 10. august startar mottak av førehandsrøyster på kommunehuset.

Tidlegrøysting:

Dersom du ikkje har høve til å førehandsrøysta, eller røysta på sjølv valdagen, har du høve til å tidegrøysta frå 3. juli og fram til og med onsdag

9. august.

Dersom du MÅ tidegrøysta, er det fint om du tek kontakt med dei valansvarlege på kommunehuset for nærmere avtale. Dette p.g.a. at alt valmaterialet ikkje er på plass enno, og det er midt i ferieavviklinga.

Manntalet:

Manntalet i Eidfjord kjem til å verta lagt ut til offentleg ettersyn. Det kjem til å ligga på kommunehuset.

Det er viktig å sjekka at du står i manntalet, då dette er eit krav for å få røysta.

Valkort og legitimasjon:

Alle veljarar får tilsendt valkort i pos-ten. På valkortet finn du informasjon om opningstida på kommunehuset på val-dagen. Du treng ikkje ha med valkortet for å stemma, men det går raskare med stemmegjevinga dersom du har det med. Husk å ta med legitimasjon !

Kontaktpersonar i Eidfjord:

Kommunestyret har vedteke å opp-nemna formannskapet som valstype. Ordførar Anved Johan Tveit er leiar, og varaordførar Aslak Martin Lægreid er nestleiar.

Valstyret har oppnemnt desse val-medarbeidarane til å ta imot føre-handsrøyster, og elles gje meir informasjon:

Johanna Maria Hereid, Britt Langøy, Elsa Garatun, Gunnhild Sandvin, Elisabet Joleik, Knut Ingar Myklatun, Brynjulf Mugås, Glenn Wiik, Marta Tveit, Geir Underhaug og Monica Hereid.

For meir informasjon om Stortingsvalet 2017, sjå www.valg.no

FAU på Lægreid skule

Kulturkomitéens 10-årsjubileum

Tekst: /foto: Kulturkomiteén

I ti år har me freista å vera ein bidragsytar til Bygdaheimen og bygda vår når det gjeld å skipa til underhaldning for våre eldste. Me kunne nok har vore flinkare, men noko har me då fått til frå starten i 2007.

Stundom har me også laga til eit og anna arrangement utanfor Bygdaheimen og invitert vaksne bygdafolk. Her kan nemnast framsyning i Kultursalen med Jon Eikemo, Sputnik-konserti Samfunnssalen, Eldredagen med mykje underhaldning og middag i Samfunnshuset, og Jakob Sande-framsyning med middag på Eidfjord Fjell og Fjord Hotel.

Det er mange å takka for at dei har hjelpt oss desse åra. Me tenker ikkje minst på alle dei som kvart år har stelt opp på romjolsunderhaldninga på Bygdaheimen sidan dette starta opp i 2009. Kvar dag, åtte dagar i rekke, har me då kunne glede bebuarar og andre med underhaldning etter kaffistunda. Takk til alle som har vore med; ingen nemnt, ingen gløymt.

Herrekubben har vore eit tiltak frå Kulturkomitéen. Dette starta opp i januar

2012 og er ein uhøgtideleg treffstad der ein inviterer til ei hyggestund ein gong kvar månad.

Kulturkomitéen vart, som sagt, starta opp i 2007, og er i dag Gunnvor Hopen Veka, Hans Hellevang, Samson Instanes og sekretær Lars Hoel. Gjennom åra har også andre vore med i kortare periodar, og me takker dei alle.

Dermed takker me oss sjølve for dei fyrti ti åra. Kanskje tek me fatt på dei neste ti åra også – dersom nokon i bygda



Kurt Hatten

tykkjer det er viktig, då ... Komiteen når du på epost: kulturkomiteen@outlook.com.

KOMANDE ARRANGEMENT:

• 7. juli: Kurt kjem til Bygdaheimen!

Fredag 7. juli kjem Kurt Hatten til Eidfjord. Klokka 16.15 underheld han med trivlege viser, fortel historier og speler på gitaren sin. Kurt kjem frå Alversund, og me er glade for at han vil ta turen inn til oss.

• 23. september: Kulturkomitéens 10-årsjubileum

I skrivande stund planlegg me ein markering av tiårsdagen laurdag 23. september. Kryss av på kalendaren! (Du lyt imidlertid sjekka datoën når det nærmar seg). Dette arrangementet skal verta ei uhøgtideleg og triveleg føremiddagsstund for vaksne folk over 38 ½ år på Eidfjord Fjell og Fjord Hotel med lunsj og underhaldning. Her vert det påmelding til hotellet og tinging av bord. Følg med for nærmere info nokre veker før eller hør med husfrua, Borghild.



Foto: Anita Limstrøm og Kari T. Hovland

Galleri N.Bergslien sommaren 2017


Galleriet opna for sesongen 14. april. Den første utstillinga har vore Kjersti Johannessen sin glasskunst som ein har kunna beundra i perioden 20. april til 18. juni. 22. juni kl. 18:00 opnar det ei utstilling med Lisa Him-Jensen som var mottakar av kunstnarstipendet til Eidfjord kommune for 2017. Him-Jensen har hatt fleire opphold i Bergsliskorane i vinter og har henta inspirasjon herfrå til bileta sine. 24. august kl. 18:00 opnar det ei



OPNINGSTIDER:

- 19.06 – 20.08 ope dagleg kl. 12 – 18
- 21.08 – 01.10 ope laurdag/sundag/cruiseskip kl. 12 - 16





I mai var leiinga til Trondheim saman med plangruppe og IKT-team. Der tok me del på NKUL, som er ein nasjonal konferanse for undervisning og læring. Her fekk me meir kunnskap om digitale hjelpemiddel, og idear til vegen vidare med digital satsing på skulen. Det er no fokus på ny læreplanar som kjem i 2019.. Alle faga i grunnskulen skal fornyast for å gje elevane meir dybdelæring og betre forståing. Høyringsutkast for den nye generelle delen i Læreplanen er allereie ute.

Me ynskjer å gje elevane våre gode rammer for eit liv i ein stadig større digital kvar dag. Det er då viktig å ha fokus på både digital kompetanse, gode digitale vaner og etisk medvit rundt bruken.



IKT på Lægreid skule



Tekst: Anne Istad og Hilde Ånette O. Bu / foto: Anne Istad

Dette skuleåret har Lægreid skule hatt eit kjempeløft innan IKT. Me byrja skuleåret med nye pc'ar til både elevar, lærarar og i klasseromma. Desse har me treårig leasingavtale på, slik at me alltid har oppdatert utstyr. Me har også fått nytt nettverk og infrastruktur på skulen, slik at arbeidet går effektivt og greitt. Dette har ført til meir fokus på bruk av ikt i klasseromma, sidan ein no har utstyr som er lett tilgjengeleg.

Alle klasserom har smartboard, interaktive tavler som er aktivt brukt i undervisninga. Desse kan ein bruka som ei god gammal tavle til å skrive på, eller som stor skjerm for pc. Alle nye lærebøker har digitale ressursar som tavlebøker og aktivitetar ein kan jobba med individuelt eller saman i klassen, og det er også

eige programvare til Smartboard for å laga undervisningsopplegg. Me har også eit klassessett med iPadar som er flittig i bruk. Dei lågaste klassetrinna brukar dei fast på stasjonar, og dei eldste elevane jobbar for eksempel med komponering i Garageband i musikken, eller med språkprogram i spansk. Dette er eit hendig verktøy kan brukast til mykje.

Det nyaste me gått til innkjøp av er tre robotar. I haust gjennomførte alle klassane Kodetimen, der dei fekk prøva seg på grunnleggjande koding i programmet Scratch. Dette har me prøvd å ta vidare gjennom året, blant anna på matematikkens dag. På planleggingsdagen i mars hadde me besøk av Tjerand Silde, frå Lær kidsa koding som hadde opplæring i koding for alle tilsette. Det var ein lærerik dag, og det viser seg at

koding ikkje er så skummelt og vanskeleg som det kan høyrast ut som. Elevane lærer koding raskt, og dei synes det er interessant og lærerikt. Det er spanande når ein får robotane til å røra på seg, grunna noko ein har skrive inn på ein pc. Koding og programmering er viktig i framtidig yrkesliv, og me vil difor gje våre elevar eit godt grunnlag i vidare utdanning.

Vi har også fått nytt skuleadministrativt system; Visma Flyt Skole. Dette systemet fyl opp både tilsette og elevar, og det gjer samarbeidet mellom skule og heim enklare og meir effektivt. Foreldre kan sjølv logga seg på og sjå fråvær, merknader og fagvurderingar. Dei kan også endra og seja opp SFO-tilbod. Dette fungerer godt, og me er svært nøgde med den nye løysinga!

Plastplukking

Tekst: Emil, Anders, Simen og Asbjørn / Foto: 6. klasse

Ein torsdag såg 6.klasse på eit nyhetsklipp. I klippet var det ein sel som hadde svømt i plast. Når selen vaks, vaks ikkje plasten han hadde rundt seg. Det blei då lagd eit stort sår rundt magen på selen. Dette filmklippet gjorde at 6.klasse ville hjelpe til, og rydde i strandsona i Eidfjord.

Me kontakta kommunen, som stilte med bossekkar og hanskar. Me var nede ved fjøra med Sjøbua. Alle saman jobba hardt. Me opna nokon av boksane me fant. Ein av boksene var det myggel i som nokon fekk på seg og den andre boksen var det gamle reker oppi. Det lukta vondt. Me fann ein metallbit som det sto Bergen på. Alle samarbeidde med og bære tunge stokkar. Me plukka all plasten og var veldig bøgd med eigen innsats. Kommunen hjelpte oss med og finne tre storrekkar som me samla alle bossekane med plast oppi. Dei løfta desse oppi lasteplanet og køyrdet dei til Simadalen på gjenvinningsstasjonen. Me brukte to torsdagar på dette. Siste torsdagen åt vi ostehorn, og hadde bål.



Nytt frå Destinasjon Eidfjord

NYTT TILBOD I EIDFJORD I SOMMAR: PASSASJERBÅTEN MS FJÆRLANDSFJORD

Scanditravel inviterer innbyggjarane i Eidfjord til å vera med på ein gratistur frå Eidfjord til Ulvik og retur! Denne veka starta MS Fjærlandsfjord på si daglege rute mellom Eidfjord og Ulvik. Det verkar å vera eit populært tilbod, for allereie no er etterspørsele etter billettar stor. Kommande tysdag, 6. juni, kjem dei første bussgruppene med kinesiske gjestar for å vera med på båtturen, og hovudtyngda av kinesiske grupper vil koma i juli.

No har alle eidfjordingar mogleheit til å vera med på ein gratistur til Ulvik og tilbake, sjølv sagt kun på dagar med ledig kapasitet. Kom innom turistkontoret, så får du billett!



Tekst: Marit Stadheim

Fram til 31. august vil
MS Fjærlandsfjord gå dagleg:

Frå Eidfjord desse klokkesletta:
1100 / 1400 / 1700

Frå Ulvik desse klokkesletta:
0930 / 1230 / 1530

Billettar får ein kjøpt på turistkontoret
i Eidfjord.



Crewet om bord i MS Fjærlandsfjord ynskjer velkommen om bord: Lina Landberg (brun jakke), Camilla Duan (rosa jakke), Adam Westberg og kaptein Torbjørn Pedersen (ikkje tilstades på biletet).

Næringsprisen 2017

Tekst: Anved J. Tveit / Foto: Agurtxane Concellon

Okapi AS er tildelt Eidfjord kommune sin næringspris for 2017. Dette er ein pris som heng svært høgt, og juryen var ikkje i tvil når dei i år valde å gje prisen til denne bedrifta.

Næringsprisen skal mellom anna vera ei utmerking til personar eller verksemder som står for nyskaping, vidareutvikling av næringslivet, og som gjev varige verdiar for lokalsamfunnet. Bedrifter som aukar sysselsetjinga skal ha høg prioritet.

Okapi AS har drive i Eidfjord sidan stiftinga i år 2000, og har no fem tilsette. Rekneskapstala syner at selskapet har ei

god drift. Det tyder på at det er mogeleg å etablera trygge IT-arbeidsplassar i Eidfjord. Okapi AS gjev tenester, og har bygd opp eit nett som har ført til at andre verksemder i Eidfjord kan konkurrera på sine marknader utan at IT og internetttilgang er ein flaskehals.

Okapi AS leverer breiband ikkje berre i Eidfjord, men også i Granvin og Ulvik, og dei har i dag omlag 950 kundar som er knytte til deira nett. Tenestene dei leverer er: Internett, TV, sal og reparasjon av PC, samt ein del andre datarelaterte tenester.

I Hardangerrådet har me ved fleire høve hatt saker knytt til breibandutbygging i regionen. Då har Gunvall Medhus hatt gode presentasjonar for rådet, ikkje berre som representant for Okapi, men også på vegne av Hardanger Breiband og Kinsarvik Breiband AS. Eg høyrer alltid gode omtalar av Gunvall etter slike møte.

Okapi AS har, og treng medarbeidarar med høg kompetanse. Dette er heilt i samsvar med det Eidfjord kommune ynskjer, og understrekar at bedrifta er ein verdig mottakar av Eidfjord kommune sin næringspris for 2017. Me gratulerer!



Næringsprisen for 2017 gjekk til Okapi AS. Stolte gründerar, Sveinung Tveit og Gunvall Medhus

KULTURFJORDENkammerserie

Frå sundag 9. juli vert det nye konsertprogram å oppleva i Galleri N.Bergslien i Eidfjord, barnekonsert i tunet på Bergsliskårane og midnatts-konsert på Olsokafta i Eidfjord Gamle Kyrkje.

Me ynskjer alle velkomne.



PROGRAM 2017

09. JULI GALLERI N. BERGSLEIEN	10. JULI	11. JULI BERGSLISKÅRANE	12. JULI	13. JULI GALLERI N. BERGSLEIEN	14. JULI
SPRINGKONSERT! SKA' ME DANSAT! Inger - Kristine Riber & Georgia Alessandra Brustia - piano		SNURR MUSIKKERET Margrete Augdal & Lene Anett Killingmo		BLUE Margrete Augdal - vokal Lene Anett Killingmo - blås Anne Goro T. Haugland - violin Ragnhild T. Haugland - cello Inger - Kristine Riber - piano Ejørne Meen - slagverk	
PROGRAM Brahms, Barber, Gershwin, Grieg, Mozkowski, Schubert m.m.		PROGRAM Pakk sekken og ta dei minste med til Bergsliskårane denne kvelden. Me inviterer barna til å dansa og syngla, og korsike alita saman med musikkarane. Her vert 'tastedans' når Inger-Kristine og hennar italienske duo-partner Georgia Alessandra opnar Kulturfjorden sin kammerserie i år. Fengande rytmar med ein god dose temperament, set temperaturen for ein feststort kveld som rykkjer i dansetofa!		PROGRAM Denne kvelden får Eidfjord sitt eige vestre "Storbond" og kleiser til med fôsur frå pop og jazz verde. På programmet står mellom anna Beatles, Joni Mitchell, John Legend, Chicago, samt utdrag frå "Du bekk som sildra" av Haldor Riber	
<i>Det vert 'tastedans' når Inger-Kristine og hennar italienske duo-partner Georgia Alessandra opnar Kulturfjorden sin kammerserie i år. Fengande rytmar med ein god dose temperament, set temperaturen for ein feststort kveld som rykkjer i dansetofa!</i>					

20. JULI GALLERI N. BERGSLEIEN	21. JULI	22. JULI GAMLE EIDFJORD KYRKJE	23. JULI
PÅ ØJENBRODDE STIAR Heidi Luotojärvi - akkordion & Inger-Kristine Riber - piano		MIDNATTSKONSERT Katharina Frogner Kochum - sang Sini Simonen - fiolin Ragnhild T. Haugland - cello/elektronikk Inger - Kristine Riber - trøangle	
PROGRAM Bach, Lukaslawski og Janosik		PROGRAM Interasjonalist kjende kunstnarar inviterer til ei gripande møte mellom det gamle og det nye i Gamle Eidfjord kyrkje. Rommet sit steningfylle råmer for ein konsert der musikarane giv seg i kost med store meisterverk, utforskar nye klanger, og tek publikum med ei spanande oppleveling.	
<i>Denne kvelden vert akkjonen sett i sevrum, og finske Heidi brettar opp armane med sin vedensmeisterittel. I sjø år har duoen Riber-Luotojärvi vore aktive på konsertscena, denne kvelden syner dei alle sine virtuose emner. Hold på hattene!</i>		<i>Pass og billettar kan kjepast kontant i Galleri N. Bergslien eller på billetto.no. Tingenar kan også sendast til info@kulturfjorden.no</i>	
VAKKE: 250,- HØNNER: 220,- BARN: 180,- GRATIS		KF - PASS & BILLETTAR VAKKE 80,- - HØNNER 60,-	
Galleri N.Bergslien 5783 Eidfjord		Galleri N.B. BERGSLEIEN	

Find us on Facebook

Sommarles



Tekst: Timo Knoch



Frå 1. juni til 31. august kan alle som går i 1. til 7.klasse, delta på Sommarles 2017, saman med barn frå 300 andre kommunar i landet!

Sommarles vart utvikla for å gjera lesing endå litt kjekkare. For kvar bok du les og registrerer på sommarles.no, får du XP (poeng), og går etter kvart opp i level. Sommarles er for alle, uansett kor fort eller sakte du les. Du konkurrerer nemleg først og fremst med deg sjølv. Du kan velja å lesa vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriebøker, eller kanskje nokon kan lesa høgt for deg – all lesing tel og gir deg poeng. Og sjølv sagt har me premiar! Du kan få både kule digitale trofé til profilen din på nettsida, og premiar som du hentar på biblioteket.

Sommarles er ein nettbasert kampanje. På nettsida sommarles.no kan du laga din eigen profil, registrera bøker, få lesetips, løysa oppgåver og følgja med på kva vennene dine les. Her får du også tilgang til ei superspennande fantasyforteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Sjekk ut sommarles.no for meir info.

Har du ikkje nettilgang, kan du likevel delta med eit vanleg lesepass. Då er det berre å stikka innom biblioteket for å få hjelp med det!

Til foreldre/føresette

Sommarles er ein lesekampanje laga for å motivera barn til å lesa av eigen lyst. Det skal vere gøy å vera med på Sommarles!

I tillegg får barn som les bøker i løpet av sommaren, halde oppe leseferdigheitene sine gjennom ein lang ferie. Nokre barn les på fritida utan noko ekstra motivasjon. Dei barna som ikkje gjer det, risikerer å stilla med eit dårlegare utgangspunkt, når skulen startar opp igjen etter sommarferien. Me håper at de vil hjelpe oss med å motivera barnet dykkar til å vera med på Sommarles.

Sommarles er ein flott lesekampanje, uansett kvar de skal feriera i sommar. Ta turen innom sommarles.no for meir info – eller besök ditt lokale bibliotek!

GOD SOMMAR MED SOMMARLES 2017!





Gokart er populært på 16. mai



Skumparty 16. mai i Kinsarvik



Tidleg rekruttering til aktivitetshelg og ungdomsråd


HU Hardanger
Ungdomsråd
... med øye for framtid!

AKTIVITETSHELG

1. – 3.

SEPTEMBER
2017 I ODDA

Bli med!!



Halloweenparty i Ulvik

Ungdomsarbeid på tvers av kommunegrensene

Tekst og foto: Bergliot Maria Veivåg

Eid fjord har lenge hatt gode og mange tiltak for ungdom. Allereie på 80-tallet vart Eid fjord kommunale fritidsklubb etablert og har halde det gåande fram til i dag. Fritidsklubben har vore ein stabil møtestad for ungdom i alle desse åra og mange har gode minne frå tida på klubben. Eid fjord har vore til inspirasjon for nabokommunane som først dei siste åra har klart å etablere meir permanent drift av fritidsklubb.

I perioden 2004 – 2007 hadde Eid fjord kommune prosjektet «Ungdom, aktivitet og trivsel» som eit resultat av dette arbeidet vart jentegruppa, etter skuletid, fleire midlertidige tiltak og ei tverrfagleg ansvarsgruppe etablert. Etter prosjektet vart avslutta har den tverrfaglege arbeidsgruppa fortsatt sitt arbeid men tida har gjort at gruppa har endra namn og fått fleire medlemmer. Gruppa heiter no «Oppvekstgruppe – med fokus på rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid» og har medlemmer frå politi, barnevern, NAV, skule, helse og kultur. Oppvekstgruppa held fortsatt på med å utvikla og tilpassa gode tilbod for unge i kommunen vår.

Eid fjord kommune var tidleg ute med å etablera Ungdommens kommunestyre. Seinare vart det ein pause før det i 2008 vart starta opp att som Ungdomsråd. Ungdomsrådet har vore engasjerte og har hatt mange og flotte medlemmer som også hevdar seg andre stadar. Ungdomsråda har også vore på nettverksamlingar og Ungdommens fylkesting i regi av Hordaland Fylkeskommune, Eid fjord har også hatt ungdom med i Ungdommens Fylkes Utval (UFU).

No har alle kommunane i Hardanger sitt eige ungdomsråd og Hardanger vert trekt fram som eit eksempel for andre regionar. Hardanger Ungdomsråd består av leiarane frå dei ulike ungdomsråda, desse har jamnlege møte der dei handsamar eigne saker og ser på potensiale for utvikling av regionen med tanke på ungdom. Dei siste åra har Hardanger Ungdomsråd arrangert Aktivitetshelg for ungdom der fokuset er å bli kjend på tvers av kommunegrensene. Dette året er det Odda som er vertskommune og me ser fram til ei spennande helg i Odda 1. – 3. september.

Hardanger Ungdomsråd har også oppmoda dei ulike ungdomsklubbane til å arrangera felles klubbkveldar der ein inviterer ungdom frå heile Hardanger. Fyrst ute var Eid fjord som hadde felles klubbkveld før påske i år. Kven som plukkar opp stafettspinnen etterpå er ikkje bestemt enno.

Ullensvang, Granvin, Ulvik, Odda og Eid fjord samarbeider om rusfritt arrangement for ungdom 16. mai kvart år. I år var det 9. gongen det vart arrangert og også i år var det ein suksess. Ungdommane kunne i år delta i aktivitetar som paintball,

Gokart, skumparty, promillebriller, wipeout-ballar, hinderløype, trampolinetårn, bruskasseklatring, bråstopp og sumobryting. Kvelden vart avslutta med konsert med Robin og Bugge. I år var det 350 ungdommar som var med og over 60 flotte vakter som stilte opp. Arrangementet har ein rusførebyggjande effekt og målet er å utsetja debuten for å drikke alkohol. Både ungdommar og vaksne koser seg denne kvelden og tilbakemeldingane er veldig positive.

I tillegg til alle desse felles aktivitetane har fleire av nabokommunane LAN,

halloweenparty og nyttårsball der dei har invitert oss med. Ein kan difor trygt si at det er mykje som skjer for ungdom i Eid fjord og i Hardanger. Og moglegheitene for å knyta vennskap på tvers av kommunegrensene er mange. Det same gjeld for oss som arbeider med ungdom, me har etter kvart blitt godt kjende og då er det alltid lettare å ta ein telefon eller setja i gang med nye idear.

Ladestasjon

Laurdag 20 mai 2017 opna Tesla Norge ladestasjon nummer 29 i landet. Stasjonen er ein stasjon av typen «superladar».

Denne stasjonen er plassert sentralt i Eidfjord sentrum, og har totalt 8 ladepunkt. Prosjektleiar har vore Marianne Mølmen, og ho kan fortelja at stasjonen i Eidfjord gjer det lettare for Tesla-eigarane å køyra over fjellet, på veg mellom aust og vest. Tidlegare har det vore naudsynt å ta vegen om Aurland om du skulle frå Bergen og til Oslo, no gjer denne stasjonen at det beste alternativet er vegen via Eidfjord over Hardangervidda.

Alt før opninga har stasjonen vore i flittig bruk, og det er loggført over 1700

ladingar til no. Det er venta stor aktivitet i tida frametter, når sommartrafikken kjem godt i gang. I tillegg til at den nye stasjonen vert meir og meir kjend blant Teslaigarane.

Tekst:Geir Underhaug/ Foto: Glenn Wiik

Ordførar i Eidfjord Anved Johan Tveit stod for den offisielle opninga av stasjonen. Medlemmar av «Tesla owners club Norway» køyrd i kortesje mot Eidfjord for å ta del i den offisielle opninga.



Nytt frå Bygdaheimen



Tekst:Margunn Lægreid/ Foto: Grethe Maurseth

Elles går drifta i Pleie- og omsorgstenesta i Eidfjord som før, med dyktige medarbeidarar som gjer sitt beste for å levera gode tenester.

Margunn Lægreid
Einingsleiar, Pleie og omsorg

No er drifta av Bygdaheimen kome over i brakkeriggen, her har me det bra og har fått ei fantastisk utsikt frå aktivitetsavdelinga og ein kjekk uteplass til fine dagar. Det har vert gjort ein stor innsats frå dei tilsette på Bygdaheimen og teknisk etat i tida med førebuingar til flyttinga og etterarbeidet. Me takkar alle for innsatsen i denne omgang.

Bebuarane held framleis til i den fløya som står att etter gamle Bygdaheimen, lite er endra der. Me har ny daglegstova og aktivitetsavdeling i brakkeriggen, det er vel det som merkast best for dei som bur her. Frisør og fotpleiar held til i andre etasje i brakkeriggen, her er det trapp og trappeheis.



Slik ser det ut på aktivitetsavdelinga.



Sandehytter Vest AS – Nye hyttefelt i Sysendalen 2017

Leiro

Rypelia

Sandehytter Vest AS – Øvre Eidfjord

Lokalt selskap som leverer nøkkelferdige hytter i Sysendalen.

Utviklingen av nye hyttefelt fortsetter sommeren 2017; **Rypelia**, på solrike, nordsiden av Rv-7 mellom Garen og Maurseth **Leiro**, Flotte tomter øverst i dalen, like før bommen til Hardangervidda.

Vi har hytter under bygging som kan fremvises til enhver tid.

For mer info. kontakt:

PARADIS EIENDOMSMEGLING AS, PARADIS.

Tlf.: 5560 4032 - Mobil: 9341 1748 - E-mail: perry@paradiseiendom.no



Ein kan ikkje laga omelett utan å knusa egg.



Gunn midt i flyttesjauen.

Besso
Turisthytte



Den Roselige hytte med den gode maten
midt på Hardangervidda -

HARDANGERVIDDA
NATURSENTER.NO
EIDFJORD



Hardangervidda Natursenter Eidfjord, N-5784 Øvre Eidfjord, Norway
P +47 53 67 40 00 | www.hardangerviddanatursenter.no

Norconsult

Norconsult Hardanger og Voss leverer bygg- og anleggsrelaterte ingenørtenester samt arkitekt- og plantenester. Me er for tida 22 tilsette og har kontor i Eidfjord, Odda og på Voss. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført. Me ynskjer å vera din lokale leverandør av arkitekt-, plan- og ingenørtenester.

www.norconsult.com



Kontakt Eidfjord:
Lægreidsv. 2A (Sentrumstunet)
5783 Eidfjord
tlf. 53 64 70 88 / 95 75 88 06
epost: endre.laegreid@norconsult.com



Norconsult



Stakraft

Stakraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane. Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kunder i Noreg.

Stakrafts Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikeholdsansvar over alle Stakraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftoris representerer dette ei verdiskaping tilsvarende 2 Mrd/NOK/år. Kraftverksgruppen Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar.

Stakraft kjøper varer og tenester i regionen for store summar kvart år, og er ein aktiv støttespiller hove til idretts- og kulturlivet i Hardanger. Verktokommunane til Stakraft har òg store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

www.stakraft.no

Vik Pensjonat og Hytter, Eidfjord

Velkommen til Vik Pensjonat og Hytter, Eidfjord – ro ned og nyt stillheten, pust inn den unike kombinasjonen av frisk fjell og sjøluft, slå av mobiltelefonen, la deg fascinere av naturen på sitt beste – vill, urørt, rett og slett fantastisk!

Dette boutiquehotellet ligg sentralt i Eidfjord og er bygd i 1928. Det er en perle i Hardanger, beliggende ved de spektakulære fjellene og fjorden i det ulendte norske landskapet.

Huset og hyttene ligg i ein vakker hage rett ved laks-elven Eio. Eiendommen er omgitt av imponerende fjell & kystnatur. Huset har den opprinnelige fasaden og er de senere år vakkert restaurert og renovert for å tilby en kombinasjon av gammeldags sjarm og moderne bekvemmeligheter.

Vi tilbyr 8 koselige rom i pensjonatet, 4 hjemmekoselig hytter som ligg langs elvebredden, kafé med peis, vel-smakende, mettende måltider & vennlig personale og til slutt vårt sjarmerende selskapslokale/pub: "Mosstova".

Vik Pensjonat og Hytter Ås / Simadalsvegen 10 / 5783 Eidfjord
Tlf. +47 53665162 / Mobil: Ingrid +47 4067 6504 / Thomas +47 9813 5660
www.vikpensjonat.no



OPNINGSTIDER

F.O.M Uke 26 (26.06.17) - T.O.M Uke 35 (03.09.17)

Mandag til Fredag 9-20

Lørdag 9-18

Søndag Stengt

F.O.M Uke 36 (04.09.17) - T.O.M Uke 52 (31.12.17)

Mandag til Onsdag 9-18

Torsdag og Fredag 9-20

Lørdag 9-18

Søndag Stengt

Bygge hytte eller hus? Velg lokal leverandør. Høy kvalitet. Gode tilbud.



www.ffbygg.no



tlf.: 91124980



Hardanger Økonomiservice AS

autorisert rekneskapsførarselskap · www.hardanger1.no





Eid fjord fjellstyre

Tekst: Lars K.Eidnes / Foto: Gunnar Elnan

Eid fjord fjellstyre har i dag 6 hytter i rimeleg god standard for utleige for innan- og utanbygdsbuande.

KROBU

Ligg ved Dragøyfjorden, grei standard med 1 soverom, propan og ved, elles kjøkkenbestikk mm.

- Grei tur frå Halne ca 2,5 timer.

STIGSTUV

Ligg ca. 100 m frå Stigstuv Turisthytte, nyrestaurert og svært god standard, 2 soverom. Ligg langs turistløypa Bjoreidalen – Rauhelleren.

VIERSLA ,GJÆTARBUA

Ligg i nordvestre enden på Lågenvassdraget, fin hytte med god plass, 2 soverom + 4 køyjer i oppholdsdelen + hems. Ligg ikkje langt frå turiststien Hadlaskard- Besso/Sandhaug. - Må rekna ca. 4- 5 timer frå Tinnhølen.



Stigstuv

TINNHØLEN

Todelt hytte med grei standard, ligg ved parkeringsplass Tinnhølen, eine delen her disponerer vårt felloppsyn.

LANGAVASSHADLE

Stor, forholdsvis ny hytte med 2 soverom og elles det som skal til for ein familie på 4, ligg fint til nedunder Høgahæ med utsyn over Langavassdalen, Eitro, Sildabunutane. - Ca 2 – 3 timer gange frå bilveg.

GAMLA SANDHAUG

Her har me 2 hytter, den eine forholdsvis ny hytte med høg standard, god plass, 2 soverom + stor hems. Her ligg også steinbua, Førarbua, grei standard, 4 køyjer og elles fasilitetar som trengst.



Langavasshadle

► Nøklar til hyttene er den same, kan leigast i resepsjonen i Eid fjord kommune, innanbygds kan også kjøpe seg ut nøkkelen mot eit depositum kr.300.

- Prisen er kr. 100 pr persondøgn for innanbygds og kr. 300 for utanbygds.

- Innanbygdsbuande under 16 år kr. 60.
- Utanbygdsbuande under 16 år kr. 60.

Sjå elles utfyllande reglar på heimesida til fjellstyret, www.eidfjord-fjellstyre.no



Nya gamla Sandhaug

Info. frå kommunen om fiske/hytter/veg/motorferdsel

GARNFISKE

Gjeld innbyggjarar i Eid fjord kommune og Ullensvang herad. Fisket startar 26. juli kl. 0800 og varer til 7.september kl. 1800. Fjellsatyret sel fiskekort i resepsjonen på kommunehuset. - Sesongkort kr. 300. Vekekort kr. 180.

SANDVADHYTTA

Sandvad ligg i Veigdalen, vest for Hedlo turisthytte. Hytta på Sandvad er kommunen sin eigedom og innbyggjarar i

Eid fjord får låna hytta gratis. Du reserverer hytta og får nøkkelen i resepsjonen på kommunehuset.

TINNHØLVEGEN

Vegen vert opna for ferdsel 1.juli. Vegavgift skal betalast på kortterminal på Tråastølen.
- Pris pr. tur kr. 100.
- Pris sesong: innbyggjarar i Eid fjord kr. 300. Utanbygds kr. 500.

MOTORFERDSEL PÅ BARMARK

(helikopter, traktor, båt) Det kan søkjast om løyve kontinuerleg. Sakshandsamingstida kan ta 2-3 veker i juli pga. ferieavvikling.

Klassetur til Polen



Biletet blei tatt av ein tilsett i saltgruvene og viser alle deltakarane og vaksne på turen. Tekst: Heidrun Hagen Hereid



Dette er noen av konstruksjonene som ble laget i saltgruvene for å stabilisere taket. Dette som du ser på nå er like stort som Lægreid skule. Tekst og foto: Nora Weum



Nora til venstre, Isabell, Helene og Frida i gamlebyen i Krakow.
Tekst: Odin Medhus/ Foto: Matilde F. Limstrand



Her ser me Noreg sin vegg i Ravensbrück. Det kvite hjertet er hengt opp etter terroren 22. juli 2011. Tekst og foto: Frida Pedersen.



Bilde fra Auschwitz I. På skiltet står det «Arbeid gjer deg fri». Me brukte hodetelefoner då guiden snakka og viste oss rundt i Auschwitz. Tekst: Helene/ Foto: Monica Hagen Hereid



Biletet er av minnesmerket over Europas myrda jødar. Det er også kalla Holocaust-minnesmerket og er eit monument i Berlin til jødane som ble drepne under nasjonalsozialismen. Tekst: Mathile/ Foto: Kjellaug Enge



Dette er det norske minnesmerket i konsentrationsleiren Auschwitz. Dette minnesmerket var i Auschwitz II Birkenau, utryddingsdelen av konsentrationsleiren, der 1,1 millionar vart drepne. Her vart det ein liten minneseremoni. Tekst: Helene/ Foto: Monica Hagen Hereid



Stasi-fengselet i Berlin. Fengselet var omgitt av høge bygningar og var beskyttet av forbod mot overflyging i Berlin. Fengselet blei bygd i 1939 som storkjøkken, men i mai 1945 blei bygningen overtatt av sovjetisk styrke og kalla spesialeir nr. 3. Tekst: Kaye/ Foto: Monica Hagen Hereid



I Ravensbrück var me innom kvinneleiren der me heldt roseseremoni til minne om kvinnene og barna som blei tatt til fange der under andre verdskrigene. Der vart det lagt ned ei rose frå kvar deltakar, lese opp dikt og joika til seremonien ved Tårenes sjø. Tekst og foto: Thorfan Amnatchareon

17.mai-frukost i Øvre Eidfjord

17.mai-frukost i Øvre Eidfjord er no blitt ein tradisjon. Fyrste gong Øvre Eidfjord Grendalaget arrangerte frukost var i 2011. Bakgrunnen for at Grendalaget begynte med dette var for å skapa samhald og endå meir trivsel i bygda. Tidlegare då skule og barnehage var i drift var det barnetog rundt bygda og feiring på Varbergshaugen. Kvelden vart avslutta med dans for store og små på Ungdomshuset.



Åhhh..så mange deilige kaker, ikkje lett å velja her.



Tekst/foto: Helene Bratland

Fyrste året Grendalaget arrangerte frukost var det 52 vaksne og 18 born. Det har auka år for år, og dette året kom det over 100 personar frå heile Eidfjord.

På frukostbordet har me mykje god mat, der salatar og syltetøy er heimelaga. Dette året hadde me også nysteikte rundstykke frå Lund Heimebakeri.

Til kaffien er det heimebaka kaker og nysteikte vaflar.

Øvre Eidfjord Grendalaget har fått fine tilbakemeldingar på tiltaket, og håpar at me skal klara å halda fram med dette også i framtida. Me takkar alle som deltek på dugnadsarbeidet!

Smartare energi

Tekst: Ina Elisabeth, Andrea og Knut Henrik / Foto: 6. klasse

Over 1200 elevar i Hordaland har deltatt i programmet SMARTare Energi og kjempa om å sikra seg ein plass i fylkesfinalen.

Me fekk oppgåva og ein dag med arbeid på skulen. 16. mars var me i Kvam og presenterte modellar og presentasjonar om oppdrettsanlegg og fornybar energi.

Me jobba med å lage modellen ein heil dag, og litt finpuss i etterkant. Me øvde mange gongar før me reiste til Norheimsund for å presentere prosjektet vårt.

Den første gruppa var Matilde, Knut Henrik, Svein Egil, Anders og Asbjørn. Den andre gruppa var Ina, Andrea, Emil, Simen, Aksel og Oskar.

Det var mange andre skular som presenterte, og når alle hadde presentert var det ei gruppe frå kvar skule som gjekk vidare til Bergen, til fylkesfinale.

Det var den første gruppa frå Eidfjord som gjekk vidare til Bergen, men den andre gruppa får vere med som publikum. Me reiste til Bergen 5. april og la fram presentasjonen vår på Vilvite-senteret, saman med andre kommunevinnarar.



LEGG FJELLTUREN TIL HALNE FJELLSTUGU

Me på Halne ynskjer dikko velkommen på «Norges tak». Her serverer me av viddas delikatesser kvar dag. Kombiner fjellturen med fottur eller båttur på Halnefjorden. Håpar me sjåast i fjellheimen til sommaren.

Mvh. Uss på Halne
Ingar og Geirmund





17.Mai
Eidfjord



▲ Korpset stiller trufast opp til glede for alle i bygda. Foto: Manfred Menze



▲ Toget helsar bebuarar og tilsette på bygdaheimen.



▲ Ordføraren legg ned krans ved minnesmerket frå 2.verdskrig.
Foto: Manfred Menze



▲ Motige og flinke 8.klassingar, Oda og Emilie, held tale for dagen.
▼ Er det ikkje kjekt at noko framleis er gratis? Foto: Manfred Menze



▲ Gamle aktivitetar fram frå gløymselen.
Foto: Eirik Sæle



▲ Stylter
Foto: Eirik Sæle
◀ Kjekt med privatsjåfør.
Foto: Eirik Sæle





Eigarskifte ved Halne Fjellstova



Tekst: Brunjulf Mugaas

I 1932 bygde Lars Endreson Liseth Halne Fjellstova. Lars og Birgit drifta fjellstova fram til 1954 då sonen, Endre Liseth og Solveig, overtok drifta. Dei dreiv fjellstova i 15 år fram til 1969. Deretter vidareførte Lars si dotter Liv og Anders Vaksdal drifta fram til 2016. 1.august 2016 kjøpte Geirmund Tomasdgard og Ingar Dalen fjellstova. Familietradisjonen med 84 års drift på høgfjellet var då slutt. I samband med eigarskiftet vart namnet Halne fjellstova endra til Halne Fjellstugu. Halne Fjellstugu framstår i dag som ei moderne verksemد med overnatting, restaurantdrift, eige vannkraftverk samt «Halnekongen» som går i rute på den 13 kilometer lange Halnefjorden.

Bakgrunn

Me har avtala ein liten prat med Geirmund for å høyra om fortid, notid og kva planar han og Ingar har for Halne fjellstugu m.v.

Geirmund kan fortelja at han har arbeidd innan reiselivsbransjen i 20 år. Han har drifta lungdalshytta i Skarheimen i 20 år. Her har han og stølsdrift og produksjon av rakafisk m.v.

Geirmund er fødd og oppvaksen i Ål og bur no i Hol kommune. Han er 44 år gammal, ugift og har to tvillingdøtre og er lærar på Ål vidaregåande skule.

Ingar Dalen kjem frå Hovet i Hol kommune og bur på Ål. Han er 58 år, har sambar og to guitar og er arkitektutdanna. Tormodsgard og Dalen eig kvar 50% av aksjane i Halne fjellstugu.

Me spør om bakrunnen for kjøp av fjellstova. Geirmund fortel at både han og Ingar er svært glade i fjellheimen og at dei har «fjellsjuka» både to. Han legg særleg vinn på at han er svært opptatt av å kunne syna turistar den mangfoldige naturen me har ikring oss. Han er særleg opptatt av å tilretteleggja for gode opplevingar. Tilrettelegging av slike opplevingar er særskilt viktig for å ta vare på

fjellnaturen. Hardangervidda er mektig og mangfaldig og gøyer på kulturhistoriske verdiar ein ønsker å ta i bruk gjennom formidling. Det var dette me ønskte å kunna drifta - ei turisthytte på fjellet», uttrykkjer Geirmund med innleving.

Me spør om kva inntrykk han har av Eidfjord. Han gjev uttrykk for at ibuarane er koselege å vera kjend med samt at han kjenner seg velkommen og tatt godt vare på generelt i bygda. Han er medlem av reiselivslaget. Geirmund ønsker å kunna vektlegga samarbeid med andre aktørar.

Me spør vidare om kva inntrykk han har så langt med drifta.» Ting må gå fort langs vegkanten når bil-og busspassasjerar kjem utan å tinga plass på førehand», seier Geirmund. Han fortel om ei positiv oppleveling med 17.mai-buffet der 120 gjestar var samla til hyggjeleg feiring. Dei kom frå Vestlandet og Hallingdal samt Eidfjord. Han fortel vidare om vitjing av cruisebåtturistar og godt samarbeid med andre. Han nemner og mindre turopatørar som har hatt opphold og servering på fjellstova. Han er glad for kite-miljøet» vinterstid. Ungdomar kjem til fjellstova og har her kurs og får matservering. Han fortel at denne nye gruppa turistar har medført at ein kan halda ope meir enn ein månad lengre enn tidlegare.

Sesongen ved Halne vert då sju månader f.o.m. mars til ut september. Han vil og sjølvsagt nemna samarbeid med DNT.

Me spør om «Halnekongen». Geirmund kan her fortelja at Liv og Anders Vaksdal skal ha ansvaret for drifta denne sommaren og at Geirmund og Ingar skal overta «Halnekongen» til hausten.

Mat og tradisjonar

Me ønsker så å vita om han vil vidareføra mattradisjonar som har vore her på fjellstova i årevis. Geirmund ønsker sjølvsagt det og er særleg opptatt av kortreist fjellmat generelt. Han fortel vidare at han har ein finger med i drifta av lungdalshytta framleis. Herifrå hentar dei rømme og andre mjølkeprodukt til matlagninga på Halne.»Fjellkost er den overordna målsetjinga med omsyn på mat generelt samt sjølberging av fisk spesielt», seier Geirmund.

Arbeidplassar /planar

Me spør om arbeidsplassar ved fjellstova. Geirmund kan fortelja at her er 7-8 tilsette i sesongen og i alt om lag 3-4 årsverk. Alle tilsette kjem i frå Noreg.

Me spør vidare om kva planar eigarane har med drifta i framhaldet. Geirmund

fortel at dei m.a. vil satsa på rundturar, kajakkutleige m.v. Han har og planar om ein «fjelldag» saman med andre aktørar.» Her er, imidlertid, ikkje innhaldet for ein slik dag enno bestemt. På lungdalshytta var her t.d. konsertar», fortel han.

Han fortel vidare engasjert: »Det viktigaste er å kunna ta vare på det som er bygt opp her, omdøme- og kvaliteten samt å byggja vidare på det som har vore / er her på fjellstova og omkringliggende natur». Geirmund fortel m.a. at han ønskjer å skapa aktivitetar / opplevelingar

som er i pakt med naturen d.v.s. å ta i bruk det som er utefor døra.» Fjellsjuka» er ei drivkraft», meiner han bestemt. «Den får ein ikkje kurert på anna måte enn å vera på fjellet. Dette å drifta ei fjellhytte er ein livsstil. Nøgde gjestar er ofte og ei drivkraft», meiner han vidare.

Han vil til slutt nemna at Eidfjord kommune med Hardangerfjorden og Hardangervidda som nærmeste nabo, er det beste døme på kor storslagent, variert og flott land me har med store kontrastar innan stutte avstandar.

Me takkar for samtalen og vil ønskja Geirmund og Ingar lukka til med drifta på Halne Fjellstugu i framtida.



Foto: Else Karin Berg Tafjord

Eidfjord Cruisehamn 2017

Anløpsliste

DAG	DATO	ANK-AVG.	NAMN SKIP	BRT.
	Juli			
mandag	03.07.2017	0700-1900	Viking Star	47842
tirsdag	04.07.2017	0700-1500	Koningsdam	99500
lørdag	08.07.2017	0930-2000	AIDASol	71304
mandag	10.07.2017	0700-1500	Rotterdam	62000
tirsdag	11.07.2017	0700-1600	Braemar	24300
onsdag	12.07.2017	0800-1700	Koningsdam	99500
mandag	17.07.2017	0800-1800	Prinsendam	38848
mandag	17.07.2017	0700-1900	Viking Sky	47800
tirsdag	18.07.2017	0930-2000	AIDASol	71304
fredag	21.07.2017	1000-2000	AidaBella	69203
tirsdag	25.07.2017	0700-1900	Viking Sea	47842
tirsdag	25.07.2017	0700-1300	Amadea	28717
onsdag	26.07.2017	0700-1100	Albatros	28518
torsdag	27.07.2017	0700-1900	Viking Star	47842
fredag	28.07.2017	0930-2000	AIDASol	71304
mandag	31.07.2017	0800-1800	Seabourn Quest	32346
mandag	31.07.2017	0700-1900	Viking Star	47842
	August			
tirsdag	01.08.2017	0700-1500	Koningsdam	99500
onsdag	02.08.2017	0730-1500	Monarch	73937
fredag	04.08.2017	1300-2000	Balmoral	43537
sendag	06.08.2017	1200-1730	Columbus	63786
sendag	06.08.2017	1030-1600	Magellan	46052
mandag	07.08.2017	0930-2000	AIDASol	71304
tirsdag	08.08.2017	0700-1600	Braemar	24300
onsdag	09.08.2017	1430-2000	Monarch	73937
torsdag	10.08.2017	0700-1900	Viking Sky	47800
mandag	14.08.2017	0700-1900	Viking Sky	47800
torsdag	17.08.2017	0930-2000	AIDASol	71304
fredag	18.08.2017	0700-1900	Viking Sea	47842
fredag	18.08.2017	1000-1800	Rotterdam	62000
tirsdag	22.08.2017	0700-1900	Viking Sea	47842
torsdag	24.08.2017	0700-1900	Viking Star	47842
lørdag	26.08.2017	0800-1630	Balmoral	43537
mandag	28.08.2017	0700-1900	Viking Star	47842
tirsdag	29.08.2017	0700-1500	Koningsdam	99500
onsdag	30.08.2017	0800-1700	Magellan	46052
	September			
torsdag	07.09.2017	0700-1900	Viking Sky	47800
sendag	10.09.2017	0800-1400	Balmoral	43537
tirsdag	12.09.2017	1030-1700	Magellan	46052
torsdag	14.09.2017	0800-1700	Thomson Celebrat	33933
fredag	15.09.2017	0700-1900	Viking Sea	47842
tirsdag	19.09.2017	1030-1700	Magellan	46052
onsdag	20.09.2017	0800-1900	AIDACara	38557
torsdag	21.09.2017	0700-1900	Viking Star	47842
tirsdag	26.09.2017	1200-1730	Magellan	46052
onsdag	27.09.2017	1200-1730	Columbus	63786
	Oktobr			
lørdag	14.10.2017	0800-1900	AIDACara	38557



Sjel og Gane
Ope alle dagar
frå kl.11.00 - 22-00



Hardanger Energi AS
*Din
Lokale kraftleverandør*

Få den beste avtalen lokalt?
- og bidra til lokal verdiskaping

post@kraft.hardangerenergi Tlf 53 67 16 10



**VI STØTTAR NÆRINGS-
OG SAMFUNNSUTVIKLING
PÅ VESTLANDET**



I generasjonar.
For generasjonar.



Arrangement i Eidfjord 2017



04.08 kl 18.00 Eidfjord

Eidfjord Minitriathlon

1/10 av det store "Isklar Norseman Xtreme Triathlon", 400m svømming, 20.6 km sykling og 4 km løping
<http://www.eidfjordil.no/minitriathlon>.



05.08 kl 05.00 Eidfjord

Norseman Xtreme Triathlon

Verdas fremste ekstremtriathlon, med start i Eidfjord og målgang på Gaustatoppen.

www.nxtri.com



11.08 - 13.08 Start på Hjølmaberget

Felles fottur til Hårteigen

1690 moh
Med kjentmann og kløvhest
på Hardangervidda,
inkl 2 overnattinger på Hadlaskard.
thomas@varbergstunet.no



19.08 Eidfjord

Voss – Geilo sykkeltritt

same arrangør som Bergen – Voss
rittet, rittet går over Hardangerbrua
og via Eidfjord.
www.vossgelo.no



02.09 kl 10.00 Eidfjord

Hardangervidda Marathon

Heil – og halv marathon med høgfjells
sti, elvekryssingar og løping i
trange dalar i Eidfjord. Start i sentrum
(halv i Måbødalen) og målgang i
Øvre Eidfjord.
www.xtremeeidfjord.no



29.09 - 01.10 Øvre Eidfjord

Hardanger Matkulturfestival


Sal av tradisjonsmat, underholdning,
kurs, foredrag, konsert og aktivitetar
for store og små.
Årets tema: Tenker grønt
www.hardanger-matkulturfestival.no



25.11 kl 20.00 Hardangerviddahallen

Rakafiskfest

Kåring av Hardangers beste rakafi sk.
Dans og underholdning.
www.hardangerviddanatursenter.no



09.12 i Eidfjord

Jolamarknad på Haugen

Sal av lokalt tilverka handverk og mat.
eidfjordaktiv@gmail.com

For informasjon om andre aktivitetar og overnatting i Eidfjord:
www.visiteidfjord.no

